



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 22.09.2022
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: Olav

Desse var tilstades i møtet:

Svein Lunde	leiar	Møtt
Wenche Andersen Helland	nestleiar	x
Sigrid Marie Fangel	skrivar	
Tom Rydland	medlem	
Anne Marie Røed	medlem	x
Herman Inge Aadland	medlem	x
Håkon Rydland Sæbø	medlem	
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	x
Olav J. Oma	sokneprest	x
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	x
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	x
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	x

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2022/51	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2022/52	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 16.06.2022	x
2022/53		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2022/54		Økonomirapport til 31. august	x
2022/55		Budsjett 2023	x
2022/56		Gravplassen – framdrift i arbeidet med felt D	x
2022/57		Meldingar / open post	

Sak 2022/51 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/52 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 16.06.2022.

Sak 2022/53 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje la fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Personale:

Roald er blitt pensjonist. I sommar har det vore vikartenester v/ Svein Arne Theodorsen, Runar Larsen, Gunvald Bjotveit, Gunnar Salomonsen, Pål Dale ved gudstenestestane.

Svein Arne Theodorsen, Fridleif Lydersen, Runar Larsen, Reidar Ådnanes, Pål Dale og Olav J. Oma har gjort teneste ved kyrkjelege handlingar. Frå 28.08 er Olav J. Oma på plass som ny sokneprest i Fitjar. Frå omtrent same dato er Elisabeth S. Oma tilbake frå permisjon i 40% stilling og Britt Kannelønning Olsen har avslutta vikariatet hos oss. Asbjørn Raunholm er ny kyrkjetenar søndagar (frå august). Elles har tre sommarvikarar gjort ein god jobb på gravplassen i sommar. Nazret har vore vaskehjelp i ferien til Kjetil. (juli).

Gudstenester og kyrkjelege handlingar:

Innsetjingsgudsteneste Olav

Dåp 12 (meldt: 7)

Vigsel 4 (meldt 1)
Gravferd 8

Gravplassen og bygg

Gravemaskin er kondemnert etter motorhavari. I ein periode framover leigar me gravemaskin til graving av grav. Det må gjerast ei vurdering av behovet for ny maskin (eige eller leige)
Heile kyrkja er måla med to strøk linoljemåling i løpet av sommaren.

Nemd

Nemnd for bygg og anlegg held fram med fire prosjekt:

- HC parkering - planlagt gjennomført dette året
- Minnelund
- Vognskjul /depot
- Gravplass felt D

Anne Marie supplerte med orientering om trusopplærings-arrangement:

Babysong, småbarnssong, Ten-treff, Vidare, samt konfirmantundervisning.

Soknerådet etterlyser innspel til oppgåver i samband med at fleire flyktingar frå Ukraina no er komme til Fitjar. Der er i utgangspunkt ein god etablert kontakt med kommunen om flyktinganespørsmålet, men spesielt diakonitvalet må setjast i kontakt med flyktingar og flyktingkonsulenten.
Soknerådet ønskjer at me får ei sak om dette på neste møtet

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande. Sak om flyktingar frå Ukraina bør koma på neste møte.

Sak 2022/54 Økonomirapport til 31. august

Saldotabell for dei første 8 månader dette året var lagt ved innkallinga. Kyrkjeverje orienterte om økonomien hittil i år. Det er ingen større avvik som krev justering av årets budsjett. Det er og vert gjort grep for å halda straumkostnader så låg som mogleg ut året.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tar rapporten til vitande.

Sak 2021/55 Budsjett 2023

Kyrkjeverja har no utarbeida framlegg til budsjett for 2023. Når soknerådet har gjort vedtak om budsjettframlegget vert dette sendt til kommunen saman med søknad/budsjettbrev.
Kommunedirektøren lagar framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2023 som skal leggjast fram for endeleg politisk behandling i desember. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg skal det liggja inne tilskot til kyrkja, men kommunestyret kan gjera endring i løyvinga under den politiske handsaminga.

Når kommunestyret har vedteke det endelege budsjettet for 2023, må soknerådet over nyttår vedta detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

I kyrkja er det løn til medarbeidarane som utgjer storparten av budsjettet. Tabellen nedanfor viser kva stillingar som var bemanna i kyrkjestaben for 2021 og 2022, og kva stillingar me har i 2023.

Stilling	2023	2022	2021	Merknad
Kyrkjeverje	0,35	0,35	0,35	
Kantor	0,65	0,65	0,65	
Kyrkjelydspedagog	0,80	0,80	0,80	
Kyrkjegardsarbeidar	0,50	0,50	0,50	
Vaktmeister/reinhaldar	0,30	0,30	0,30	
Kontorarbeidar og administrativ ressurs for prestetenesta	0,40	0,40	0,40	Det har vore vikar i heile permisjonstida til Elisabeth 2022/23
Sum	3,00	3,00	3,00	
Klokkar på gudstenestene	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid
Kyrkjetenar på sundagar	(0,20)	(0,20)	(0,20)	Frivillig arbeid

Nedanfor er det kommentarar til ein del postar som rådet bør merka seg:

1. Møtegodtgjersle for soknerådet er budsjettert med kr. 40.000 og uforandra.
2. Satsane for gravfeste og andre inntekter på gravplassen vart auka i 2022. Me legg ikkje opp til endringar i 2023

Teneste	Sats kr.
Feste av 1 grav i 1 år	250
Feste av 1 grav i 10 år	2500
Feste - Reservering av grav	4000
Gravlegging av utanbygds buande	8000
Seremoni utanbygdes person	4000
Seremoni ikkje medlem	4000
Gravlegging utanbygds, urne	4000
Reservering av grav	4000
Gravstell på Fitjar kyrkjegard	1300
Mosekrans på grav	400
Vårplanting på grav	500
Sommarplanting på grav	400
Konfirmant eigenbetaling vårsemester	1000
Konfirmant eigenbetaling haustsemester	1000
Annonse i Fitjar kyrkjeblad	1500

3. For kyrkjeavdelinga er det lagt inn lønsmidlar til 65% kontor og 30% kyrkjetenar/vaktmeister/reinhaldar.

4. Tilskotet til trusopplæring, som me får overført frå bispedømet, er på om lag 330.000,-. Dette skal dekkja både løn og andre utgifter ved trusopplæringa. For å få fullfinansiert trusopplæringa er det lagt opp til at kr. 200.000 av det kommunale tilskotet til klokkar og kyrkjetenar vert overført til trusopplæring. Vidare er det lagt inn ei forventning om kr. 45.000,- i gåver til dette arbeidet.

Fleire detaljar om budsjettet vart gjennomgått i møtet. Mellom anna prognose for straumkostnader i kyrkja.

Det vart stilt spørsmål om tenesteområdet Ungdomsarbeid som i rekneskapet er skilt ut frå trusopplæring og berre famnar konfirmantarbeidet og om dette ikkje var forvirrande. Det vart foreslått å endra namnet til konfirmantarbeid.

Vedtak:

Kyrkjeverje sender budsjettframlegget vidare til kommunen med dei presiseringane som kom fram i møtet:

1. Post 0421/11800 straum vart auka til 300.000 for 2023
2. Kyrkjeverje undersøker om det er mogleg å endre tenesteområdet ungdomsarbeid til konfirmantarbeid, da noverande omgrepet skapar forvirring.
3. Satsane for gravfeste og andre inntekter vert ikkje endra for 2023
4. Møtegodtgjersle for soknerådet vert ikkje endra.

Sak 2022/56 Gravplassen – framdrift i arbeidet med felt D

Om vel eit år bør felt D på kyrkjegarden vera klar for gjenbruk av graver. Her står mange gamle gravminne på utgåtte graver. Så lenge me ikkje har verneplan for gravplassen er mange av desse gravminna freda. Difor er det no viktig å få på plass ein verneplan. Til dette arbeidet vert Britt Kannelønning midlertidig tilsett i 40% stilling frå 01.10 – 30.11.2022. Desse ekstra lønsutgifta vert henta frå investeringsmidlane for kyrkjegardsprosjektet.

Etter at verneplanen er på plass vil ein kunne få til ei god løysing for dei gravminna som vert definerte som verneverdige. Fyldigare orientering vart lagt fram i møtet.

Vedtak:

Soknerådet tar orienteringa til vitande.

Sak 2022/57 Meldingar / open post

- Strategiplanen – arbeidet vidare. Laurdag 27. august var sokneråd og stab samla til eit seminar med Magne Supphellen med utgangspunkt i strategiplanen som soknerådet har vedtatt. Arbeidet med planen stoppar ikkje der. Korleis planen blir implementert i arbeidet i stab, sokneråd og dei frivillige er noko som drøftast i tida framover.

Strategigruppa vert oppmoda til å førebu sak til soknerådsmøtet i november, der ein legg opp til vidare konkretisering av strategiplanen.

- Løypemelding frå nemnd for kyrkjelydsprestfondet
Komiteen kjem tilbake til dette

- Soknerådsvalet 2023 – oppgaver for rådet i 2022 og 2023.
Etablering av valnemnd vil vera sak på neste møte. Den enkelte må også gjerne ta stilling til om det er aktuelt å stille til attval. Anne Marie nemner også behov for evaluering av arbeidet i rådet – kanskje medio 2023.
- Høyring om endringar i gravplasslova
Høyringa handlar om endringar som fylgje av digitalisering, og er i stor grad relatert til spørsmål om personvern. Alle kan senda fråsegn. Soknerådet prioriterer ikkje dette som råd.
- Soknerådsleiar er invitert til avskjedsgudsteneste for biskop Halvor Nordhaug i november.
- Sokneprest og kyrkjeverje er blitt oppmoda til å ordna blomehelsing/gåve til nn og nn.

Jan Overweg, referent
22.09.2022

Møteplan:

torsdag 20.10 - (Arbeidsutval 05.10)

torsdag 17.11 - (Arbeidsutval 09.11)

torsdag 08.12 - (Arbeidsutval 30.11)

Møter i sokneråd til vanleg 18.30-21.00

Møter i arbeidsutval til vanleg 17.00-18.30